



Uskedalen har vind i segla som turismål, det vert ikkje minst klart no i juli med alle 60 senger fulle i hyttene på Rabben, som også opererer med venteliste, Eit særleg positivt trekk er at det i turistsenteret også er ei gruppe på 37 frå Trøndelag. Det er fjellsporgruppa i Trondheim Turistforening som denne sommaren har lagt veksturen sin til Kvinnherad.

Koordinatorane Johan Helle og Ragnhild Daae fortel at dei reiser mot sør og nord annakvart år og har vore så langt som til Nordfjord og Hamarøy. Men korleis hadde det seg at dei reiste så langt som til Kvinnherad dette året?

- Eg har familie i Skånevik som kjenner dette distriktet godt, svarar Ragnhild frå Sola.
- Eg har høyrte om Ulvanåso som klatre-eldorado frå klatrekretsar svarar Johan men presiserar at han sjølv ikkje er nokon utprega klatrar.

Dei to strekar under at dette ikkje er noko spesialopphald for klatrarar men er for fjellsportarar med brei penn og då også inkludert padlarar.
Til dømes har ei gruppe i dag vore på fjorden medan ei har vore på Melderskin og ei opp til Bondhusbreen,

Naturleg nok er ein heil dag sett av til bretur og ein til Nåсотur medan Bjørndalstraversen vart avvikla i dag.

Det er ellers ingen tvil om at distribusjonen av den nye klatreføraren har bidratt til auka reklame for Nåso og Uskedalen. Rabben har seld 10 eksemplar og har bestilt ny forsyning,

Biletet: Koordinatorane Johan og Ragnhild kosar seg på Rabben. I det fjerne lokkar Nåso.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen